



Arkivnr: 2016/5103-8

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		02.10.2018

## TV-aksjonen 2018 - driftsstøtte frå Hordaland fylkeskommune

### Samandrag

Fylkesrådmannen gjer framlegg om å løyve kr 100 000 som driftsstøtte til TV-aksjonen 2018 – same tilskotssum som i 2017. TV-aksjonen for 2018 er tildelt Kirkens Bymisjon.

**Økonomi:** Liten påverknad

**Klima:** -

**Folkehelse:** -

**Regional planstrategi:** -

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 100 000 i driftstilskot til TV-aksjonen 2018.

Budsjettet vert endra slik:

14700. 120 930 00	Ymse tilskot	+ 100 000
14900. 720 200 00.	Til rådvelde for tilleggsløyvingar	- 100 000

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand  
kst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 27.09.2018**

TV-aksjonen 2018 er tildelt Kirkens Bymisjon. Aksjonen skal gjennomføres 21. oktober 2018. Fylkeskommunen har lang tradisjon for å gi tilskot til drift av aksjonskontoret for TV-aksjonen i Hordaland.

Fylkesrådmannen gjer framlegg om å løyve kr 100 000 frå tilleggsøyvingskontoen – same beløp som til TV-aksjonen i 2017.